

MELAND KOMMUNE  
Havnevegen 41A  
5918 FREKHAUG

Dato: 14.11.2018  
Vår ref.: 2018/426-214  
Saksbehandlar: hanespe  
Dykkar ref.:

Att. Anette Hesjedal

## Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom - haust 2018 - Underretning om tildeling

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2018.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 13.11.18, politisk sak 135/18 vedteke å tildele dykk **kr 43.000,-** i tilskot til Ungdom og barn – saman skapar vi aktivitetsglede.

### Grunngjeving

Ved søknadsfristen 15. september var det kome inn 27 søknader. Samla søkesum var om lag 1,9 millionar kroner. Det er totalt 375.000 kr til fordeling til Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom for hausten 2018. Tildelinga er sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Ved avgjerda av dykkar sak har utval for kultur, idrett og regional utvikling lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Utvalet fann at dei vedtekte vilkåra for tildeling er oppfylte og at dykkar tiltak, etter ei samla vurdering, vert tilgodesett.

Utviklingsretta og godt tiltak med modellskaping og brei medverknad. Oppmodar til å sjå tiltaket i samanheng med AktiVane-modellen.

### Utbetaling.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura i EHF – format til Hordaland fylkeskommune. Vi ber om at dette vert gjort så snart som mogleg, og seinast **innan 1. desember**.

Elektronisk fakturaadresse: 9908:938626367

Aksesspunkt: Visma

Saksnummer: 2018/426

Ressursnummer: 12564

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Føresetnader for tilsagnet

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med prosjektplan samt kostnads- og finansieringsplan slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.) Tilsegnsmottakar skal gjennomføre rapportering/levere rekneskap samt medverke ved eventuell kontroll som nemnt under.

Dersom tiltaket vert gjennomført med billettsal skal tilsegnsmottakar akseptera ordninga med følgjekort («ledsagerbevis») for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge. Om føresetnadene ikkje vert oppfylt, kan tilskotet bli skjønnsmessig avkorta eller falle bort. Vi ber om at Hordaland fylkeskommune vert gjort synleg som tilskottsmottakar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på <http://www.hordaland.no/logo>.

### Rapportering

Rapport og rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt og seinast innan 15. januar 2019. Rapporten skal minst innehalde desse punkta:

- Skildre gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Peike på eventuelle avvik og grunngje desse.
- Informere om eventuell vidareføring.

### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskottsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll. Brot på vilkår og føresetnadar Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende. Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt kan vedtaket om tildeling verte gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

### Klage/partsinnsyn

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans for vedtak knytt til midlar løyvd frå Hordaland fylkeskommune. Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagefrist er tre veker frå søkar mottar melding om vedtaket.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
fylkesidrettssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*